



Vedtekter for Bordalen barnehage i samsvar med Barnehagelova §15

Vedtekne 20.03.13, sist endra 03.05.22

1. *Eigarforhold:*

Bordalen barnehage SA er eit samvirkeføretak i **Voss herad**.

2. *Føremål*

Barnehagen skal sikre born under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmogelegheiter i nær forståing og samarbeid med borna sin heim.

Barnehagen skal drivast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover, forskrifter og vedtekter, det fastsette budsjettet og årsplan for barnehagen si pedagogiske verksemd.

3. *Opptaksmyndigheit*

Styrar føretek opptak av born i barnehagen i samordna opptak med **Voss herad**.

4. *Opptakskriterie*

Søknadsfrist 1. mars til hovudopptaket for tildeling frå 15. august.

Søkjarar som søker innan 1. mars, og som ikkje er fødte i Voss kommune må ved oppstart av tildelt plass i barnehage vera busett i Voss kommune og registrert i Voss folkeregister.

Søkjarar som søker innan 1. mars får tilbod dersom det er ledige barnehageplassar oi kommunen.

Barnehagen er open for born frå 1-6 år. Born som er tildelt plass, får behalde plassen til **utgangen av barnehageåret det året barnet fyller 6 år.**

Tildeling av barnehageplass skjer etter fylgjande prioriteringsliste:

Ved opptak av born vert det lagt vekt på fylgjande kriterie i prioritert rekkjefylgje:

0. Bedriftsplassar for styremedlemer og tilsette sine born (2 plassar)

1. Born med nedsett funksjonsevne * jf § 13 i Barnehagelova

2. Born det er fatta vedtak om etter lov om Barneverntenesta § 4.4

Kriterie i tillegg til dei lovpålagde:

3. Sysken har plass i same barnehage **

4. Tildeling av plass etter søknadsdato

*Er det born med spesielle behov kan det søkjast om prioritert plass. Punkt 1 og 2 skal dokumenterast av fagpersonell, dvs lege pp-rådgjevar, psykolog, sosionom, spesialpedagog eller frå helsestasjonen.



**** Syskenprioritet er knytt opp til at ein har sysken i barnehagen når barnet byrjar i barnehagen. Ved hovudopptaket vil ein kunne miste denn prioriteten dersom sysken byrjar på skulen**

5. Opptaksperiode og oppseiingsfrist

Opptak av born skjer heile året, men hovudsakleg ved samordna opptaksprosess. Styrar kan tilby barnehageplass etter kapasitet utanom samordna opptaksprosess. Oppseiing av barnehageplass medfører at rett til barnehageplass bortfell.

Det er gjensidig oppseiingsfrist på 1 måned. Oppseiingsfristen gjeld frå dato til dato. Ein betalar t.o.m. påbegynt periode. Perioden går frå 15.-15. kvar måned. Plassar som vert sagt opp etter 01. april, må betalast for ut heile barnehageåret, d.v.s. til og med juli måned. Betaling skal skje i oppseiingsperioden sjølv om plassen ikkje vert nytta. Betalingsplikt kan fråvikast, etter avgjerd av styrar, dersom nytt barn kan overta plassen.

6. Fastsetjing av foreldrebetaling

Foreldrebetaling vert fastsett av styret.

Halve juli og halve august er betalingsfri. Betaling for kost kjem i tillegg.

Syskenmoderasjon vert gitt i samsvar med gjeldande stortingsvedtak f.t. med 30 % for 2. barnet og 50 % for 3. barnet og kvart barn utover dette.

7. Sakshandsamingsreglar for tildeling av barnehageplass

Foreldre har etter Lov om barnehage, rett til grunngjeving dersom dei ikkje får tildelt barnehageplass etter fyrste eller andre ynskjet sitt, §4, rett til innsyn §5, rett til å klaga § 6, og klagefrist etter §9 (jmf Lov om barnehagar). Klage skal sendast til **Voss herad v/ Oppvekst**

8. Leike og opphaldsareal

Opphaldsareal pr. barn under 3 år: 5,3 m²

Opphaldsareal pr. barn over 3 år: 4,0 m²

9. Opningstid, opphaldstid og ferie

Barnehagen er open frå 7.30- 16.30 måndag-fredag.

Opphaldstid for barnet i barnehagen er maks 8,5 timar pr. dag.

Barnehageåret startar 15. august. I løpet av barnehageåret er barnehagen stengd 6 planleggjingsdagar. Barnehagen er stengd på heilagdagdar.. Barnehagen er stengd 3 veker om sommaren.

Styret kan endre denne bestemmelsen.

10. Vilkår for kommunal stønad

Me har samordna opptak med Voss Kommune.

Fyl elles avtale mellom Voss kommune og private barnehagar.



11.HMS

Barnehagen skal føreta internkontroll etter gjeldande reglar og forskrifter.

12.Misleghald

Ved betalingsmisleghald, eller anna misleghald frå barnehagen eller foreldre/føresette, kan barnehageplassen seiast opp. Ved vesentleg misleghald kan barnehageplassen seiast opp med øyeblikkeleg verknad.

Før oppseiing på grunn av betalingsmisleghald skal barnehagen skriftleg varsle foreldre/føresette om konsekvensen av misleghaldet, samt gje ein frist på 14 dagar til å retta opp forholdet.

Styrar kan krevja ekstra betaling, som vert fastsett av styret, for levering/henting av born utanom opphalds-/opnings tidene.

13.Betaling

Barnehageplass betalast forskotsvis, innan den 1. kvar månad. Auke i foreldrebetaling skal kun skje etter 1 månads varsel.

Dersom det oppstår hendingar utanfor foreldre/føresette sin kontroll, som medfører at barnehageplassen ikkje kan nyttast over tid, t.d. sjukdom, dødsfall m.m., kan styrar innvilga betalingsfritak. Styrar kan krevja at det vert lagt fram erklæring frå lækjar eller annan dokumentasjon.

Styrar kan etter søknad gje betalingsutsetjing for inntil 2 månadar foreldrebetaling for kvar barnehageplass mot at det vert underteikna eksigibelt gjeldsbrev.

14.Samarbeidsutvalet si samansetning, myndigheit m.m

Samarbeidsutvalet skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Utvalet skal særleg vera med på å drøfte barnehagen sitt ideelle grunnlag og arbeide for å fremje kontakt mellom barnehagen og lokalsamfunnet.

1. Samarbeidsutvalet skal føreleggjast saker og har rett til å uttale seg i saker som er av viktighet for barnehagen sitt innhald, verksemd, og forholdet til foreldra.
2. Saker som gjeld tilsetjingar, opptak av born og liknande skal **ikkje** behandlast av samarbeidsutvalet.
3. Samarbeidsutvalet skal ha 6 medlemer, med 2 foreldrerepresentantar, 2 eigarrepsentantar (styret) og 2 frå dei tilsette.
4. Samarbeidsutvalet konstituerar seg sjølv, og vel sjølv sin leiar. Som samarbeidsutvalet sitt vedtak gjeld det som fleirtalet av dei frammøtte har stemt for. Ved stemmelikheit gjeld det som leiar har stemt for. Er ikkje leiar til stades, gjeld det som møteleiar har stemt for.
5. Møte i samarbeidsutvalet vert halde etter ein plan fastsett av samarbeidsutvalet, og ellers når samarbeidsutvalet sin leiar finn det nødvendig.



Det vert ført eigen protokoll for samarbeidsutvalet, som skal innehalde dei vedtak som samarbeidsutvalet har fatta vedrørande eininga. Tid og stad for møta skal gå fram av protokollen, likeins stemmefordeling og ueiningheit som vert krevd protokollført. Samarbeidsutvalet sin referent signerer protokollen. Protokollen er tilgjengeleg kun for samarbeidsutvalet sine medlemmer, styret, styrar, og dei personar samarbeidsutvalet gjev tilgang.

Valet av foreldrerepresentantar skal gjerast på 1. foreldremøte om hausten. Eigarrepresentantar vel styret på 1. styremøte etter årsmøte. Dei tilsette utpeikar sjølve representantar til SU.

15. Foreldreråd

Foreldrerådet skal fremja fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

1. Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barna i barnehagen.
2. Foreldrerådet vel 2 representantar til samarbeidsutvalet.
3. Foreldrerådet skal bli førelagt og har rett til uttale seg i saker av viktigheit for foreldra sitt forhold til barnehagen.
4. Barnehagen sin styrar har ansvaret for å innkalle til det fyrste foreldrerådet i barnehageåret.
5. Foreldreråd skal avhaldast minst ein gong i året.
6. Ved avstemming i foreldrerådet vert det gjeve ei stemme for kvart barn, og alminneleg fleirtalsvedtak gjeld.

Det skal førast eigen protokoll for foreldrerådet, som skal innehalde uttalar/vedtak som foreldrerådet har fatta. Tid og stad for møta skal gå fram av protokollen, likeins stemmefordeling og ueiningheit som vert krevd protokollført. Foreldrerådet sin referent signerer protokollen. Protokollen er tilgjengeleg kun for foreldrerådet sine medlemmer, styret, styrar, og dei personar som foreldrerådet gjev tilgang.

16. Dugnad

Foreldre/føresette som nyttar barnehageplass pliktar å delta på dugnad som vert arrangert av barnehagen. Styremedlemer kan fritakast for dugnadsinnsats. Dersom pliktig dugnad ikkje vert gjennomført, vert det gjeve eit gebyr fastsett av styret.

Den enkelte forelder/føresette skal få skriftelg beskjed seinast 14 dagar før dugnaden.

17. Helsekontroll av born

Foreldre/føresette har ansvar for å informera om spesielle forhold vedrørande barnet si helse som kan ha betydning for barnet sitt opphald i barnehagen. Før eit barn begynnar skal det leggjast fram erklæring om barnet si helse iht. barnehagelova §25